
Vår referanse 2020/75469-3
Dato 02.12.2020

NORDFJORD HAVN IKS
Postboks 104
6701 MÅLØY

Svar - Søknad om infrastrukturmidlar - bygging av kai i samanheng med Stamnetthamna på Trollebø i Måløy - Kinn kommune

Vi viser til søknaden dykkar om støtte til «Søknad om infrastrukturmidlar - bygging av kai i samanheng med Stamnetthamna på Trollebø i Måløy - Kinn kommune». Vi må dessverre melde at vi ikkje kan tildele dykk midlar i samband med søknaden om økonomisk støtte.

Med heimel i «Retningsliner for verkemiddelbruk Innovasjon og næringsutvikling» vedteke i Hovudutval for næring den 11.03.2020, har fylkesdirektør for Innovasjon og næring høve til å gje administrative avslag dersom prosjektet ikkje er innanfor gjeldande retningsliner, statsstøtteregulering og prioriterte satsingar. Døme på slike avslagsgrunnar er søknader i strid med regelverk for offentleg støtte til enkeltverksemdar, driftsstøtte til søkjar, støtte til anlegg og infrastruktur, eigenfinansiering og at fylkeskommunal støtte ikkje har utløysande- eller regional effekt.

Denne søknader gjeld infrastruktur, og fylkeskommunen har ikkje støtteordningar eller verkemiddel til denne type satsingar. På grunnlag av dette kan vi ikkje imøtekome søknaden dykkar.

Vi vonar at prosjektet kan realiserast utan vår medverknad og ønskjer dykk lukke til vidare.

Vestland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er:

Anne Silje Sylvarnes

Espot: anne.silje.sylvarnes@vlfk.no

Tlf.: 989 02 334

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift